

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Definer talemål, dialekt, sosiolekt og etnolekt fritt etter minnet.

Sjekk etterpå om du gav dei rette definisjonane.

Svar

talemål – samleomgrep for alle måtar å snakke på

dialekt – geografisk avgrensa variant av eit språk

sosiolekt – talemål som er påverka av sosiale faktorar, som alder, kjønn m.m.

(multi)etnolekt – talemål som har språktrekk frå fleire ulike språk



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kvifor har vi dialektar?

Svar

Dialektar utviklar seg som eit resultat av **samhandling** eller mangel på samhandling. Samhandling betyr at ein har mykje med kvarandre å gjere, for eksempel ved at ein driv handel, eller at mange reiser gjennom den same staden. Der det har vore mykje samhandling, blir dialektane likare.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Beskriv infinitivsformene i dialektane. Kva form(er) bruker du?

Svar

A-infinitiv – alle infinitivar endar på -a.

E-infinitiv – alle infinitivar endar på -e.

Apokope – alle infinitivar manglar ending.

Kløyvd infinitiv – dei fleste infinitivar endar på -e, mens nokre endar på -a.

Kløyvd infinitiv med apokope – dei fleste infinitivar har apokope, mens nokre endar på -a.



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kva er tjukk l?

Svar

Når ein uttaler l-lyden ved å böye tunga bakover i munnhola og slå tungespissen mot ganen

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kva er retrofleksar?

Svar

Når lydane *r* og *tjukk l* kjem i kontakt med *n*, *t*, *d*, *s*, *l*, skjer det ei samansmelting av konsonantane: Dei blir uttalt som éin lyd, for eksempel i ord som *farleg*, *barn*, *ferdig*, *slutt*, *gult*. Dette finn vi på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kvar finn vi palatalisering?

Svar

Alle dialektane nord for Sogn og Mjøsa har tradisjonelt ei grad av palatalisering. Men dette språktrekket blir sjeldnare.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Finn du eit område som har både palatalisering og skarre-r? Eller retrofleksar og skarre-r?

Svar

Tradisjonelt finn vi verken palatalisering eller retrofleksar i område der det er skarre-r. Dette kan endre seg etter som skarre-r spreier seg.



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kva former av personleg pronomen 1. person eintal (eg) finst i Noreg?

Svar

1. person eintal startar anten med
*j (jeg, je) eller med
*e/æ/i (eg, æg, i).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kva er jamvekt?

Svar

Infinitivar som hadde jamn vekt på hovud- og endestavinga i norrønt, har behalde a-endinga (å vera, å sova, å eta), mens alle dei andre infinitivane (overvektsinfinitivane) har fått endinga -e (å vite, taste, å danse).



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Korleis påverkar byane talemålsendringane som skjer i dag?

Svar

Byane påverkar talemålet i sin region (som ligg rundt byen, og som er større enn han). Dialektane mister ein del av det lokale særpreget sitt, men beheld det regionale særpreget. Vi ser òg at talemålet i hovudstaden har stor påverkingskraft.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Nemn minst tre faktorar som svekker dialektane.

Svar

1. Folk flyttar og reiser meir enn før.
2. Dersom folk ikkje identifiserer seg med den lokale kulturen og talemålet, kan det svekke dialekten.
3. Talemåla blir påverka av det som har høg status, som talemålet i hovudstaden.
4. Media påverkar dialektane.
5. Talemålet i byane påverkar dialektane i regionen dei ligg i.
6. Språkleg endring skjer heile tida, og forenkling er ein viktig faktor. Vi søker heile tida å forenkle talespråket.



Dialogkort vg3

Kapittel 19 Talemål i Noreg i dag

Spørsmål

Kva er skjult og open status?

Svar

Open status er den *objektive* statusen som dialektar har, som talemålet i hovudstaden. Dette er blant anna knytt til sosioøkonomisk status. Men dialektane i landet har også ein *subjektiv* status, det vi kallar **skjult** status.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.